



Referat frå årsmøte i Haugaland Golfklubb Søndag 30. januar 2011 kl 18:00

1. Opning av årsmøtet v/Erik A. Søndervik

Styreformann, Erik A. Søndervik opna årsmøtet, og ynskte dei frammøtte velkommen. Vel 30 medleamar med stemmerett møtte.

2. Val av dirigent v/Erik A. Søndervik

Eirik Apeland vart foreslått som dirigent og einstemmig vald.

3. Val av referent v/Erik A. Søndervik

Terje Kleppe, sekretær i styret, vart foreslått og vald.

4. Val av tellekorps, 2 personar v/dirigent

Vidar Steinsland og Arne Myklebust vart foreslått og valde.

5. Val av 2 medleamar til underteikning av årsmøtereferat v/dirigent

Svein Knutsen og Valgjerd Svartveit foreslått og vald.

6. Godkjenning av innkalling v/dirigent

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

7. Godkjenning av sakliste v/dirigent

Sakslista vart godkjent utan merknader.

8. Årsmelding for 2010 v/Erik A. Søndervik

Eirik A. Søndervik gjekk gjennom årsmeldinga.

Etter som årsmeldinga har vore lagt ut på nett og distribuert i klubbhuset, gjekk ein kun gjennom årsmeldinga på eit overordna plan, med fokus på viktige punkt, så som;

- Halvor og Gavin vart, med rette, heiderleg omtala for innsatsen retta mot unge og for rekrutteringsarbeidet
- Under økonomi vart resultatet for 2010 i forhold til budsjett forklart m.a. med fråfall av medlemmar både i 2009 og 2010. Den positive utviklinga av nye medlemmar i 2010 forventar me skal gje ei betring frå 2011 av, men klubben har vald å framleis vera forsiktig i budsjettering for 2011.
- Frå 2002 og fram til i dag har klubben ved års-slutt hatt uteståande i forhold til baneselskapet frå om lag 150 000 til om lag 300 000 kr. Dei to siste åra har beløpet vore rundt 300 000 kr. Dette er ein konsekvens av den "blandingsøkonomien" klubb og baneselskap historisk har hatt. Det betyr ikkje at klubben har ubetalte rekningar, men litt mindre handlingsrom. Etter som klubben no har ansvar i forhold til tilsett klubbsekretær, samt betalar ned på lån i samband med bygging av klubbhus, kom styret fram til at dette måtte avklarast med baneselskapet. Etter eit møte med administrasjonen i baneselskapet er det gjort avtale om at klubben reduserar sitt uteståande med baneselskapet med 200 000 kr over ein femårsperiode, ved at klubben si husleige til baneselskapet årleg vert redusert frå 55 000 til 15 000 kr.
- I samband med rekrutteringa er den etablerte fadderordninga eit tiltak som er godt motteke. Det vert satsa på å forsterka og vidareføra dette i året som kjem.
- Under turneringar oppfordra Anne-Margrethe Olsen fleire damer til å vera med på "dametouren", som er eit fint tiltak for å fremja kvinnegolfen på ein sosial måte.

Klubben si årsmelding vart deretter einstemmig godkjent utan merknader.

9. Rekneskap for 2010 inkludert revisor si beretning v/Terje Kleppe

Rekneskap for 2010, samt revisor si beretning vart lagt fram og gjennomgått.

Nils Arne Nesse stilte spørsmål om kor mykje uteståande det er i medlemsavgift. Styret hadde ikkje desse tala "på strak arm", men styret gjorde greia for kva grep som er tekne for å betra dette. Tal kan leggjast fram på neste årsmøte, men administrasjonen har no ei meir regelmessig utsjekk av medlemslister mot NGF og faktisk medlemskap, slik at me betalar avgift til NGF og medlemsblad for rett tal medlemmar. NGF/NIF sitt regelverk gjer at det kan ta litt tid før me får "skrella vekk" medlemmar som ikkje lenger er medlemmar.

Revisor si beretning vart lagt fram, med tilråding om at rekneskap kunne godkjennast. Rekneskap for 2010 for Haugaland Golfklubb vart deretter einstemmig godkjent av årsmøtet.

10. Handsaming av innkomne forslag v/dirigent

Vidar Steinsland hadde sendt inn eit forslag til årsmøtet, som berører både klubb og baneselskap. Intensjonen med forslaget er å gjera golfen meir kjend og tilgjengeleg i samband med rekruttering.

Klubbsekretæren informerte i denne samanhengen om at klubben/baneselskapet også har arbeidd med noko liknande. Etter som Vidar sitt forslag berører både klubb og baneselskap vart fylgjande forslag einstemmig vedteke;

Styret og klubbsekretær får i oppgåve av årsmøtet å ta dette vidare saman med turneringskomiteen og baneselskapet, som eit positivt tiltak til å spreie informasjon om golf og bidra til auka rekruttering.

Vedtaker er i samsvar med Vidar sine intensjonar i sitt forslag.

11. Fastsetjing av kontingent 2011 v/Erik A. Søndervik

Styret sitt framlegg om ikkje å endra medlemskontingentar for klubben vart einstemmig vedteke.

12. Budsjett 2011 v/Terje Kleppe

I samband med forslag til budsjett for 2011, vart det kommentert frå årsmøtet at det hadde vore ynskjeleg at budsjett for neste år blir samanlikna med rekneskap for forrige år. Dette vil gje eit betre bilete enn å samanlikna med budsjett frå forrige år.

Styret sitt framlegg til budsjett for 2011 vart etter nokre avklaringar einstemmig vedtatt.

13. Val

Valkomiteen sitt framlegg v/Ivar Lønning:

- **Val av styreleiar for 1 år**

Pål Taraldsen vart foreslått og vald ved akklamasjon.

- **Val av 2 styremedlemar for 2 år**

Jostein Hermansen og Roald Yndestad vart foreslått og begge valde for 2 år ved akklamasjon.

- **Val av 2 varamedlemar for 1 år**

Silje Randen og Jens Petter Larsen vart foreslått og begge valde for 1 år ved akklamasjon.

Styret i Haugaland Golfklubb har, etter årsmøtet, denne samansetnaden:

Styreleder	Pål Taraldsen	Til 2012	406 38 814
Styremedlem	Roald Yndestad	Til 2013	957 13 838
Styremedlem	Jostein Hermansen	Til 2013	930 85 029
Styremedlem	Øyvind Johansen	Til 2012	905 89 008
Styremedlem	Andreas Sørensen	Til 2012	901 60 566
Varamedlem	Silje Randen	Til 2012	902 08 316
Varamedlem	Jens Petter Larsen	Til 2012	906 07 714

- **Val av 2 revisorar, 1 for 1 år og 1 for 2 år**

Sigurd Østensen vart foreslått og vald for 2 år ved akklamasjon

Asbjørn Natås vart foreslått og vald for 1 år ved akklamasjon.

- **Val av 3 medlemar og eit varamedlem til valkomite**

a. Styret sitt framlegg v/Erik A. Søndervik

Ivar Lønning leiar

Erik A. Søndervik medlem

Hilde Jørgensen medlem

Dei tre foreslåtte medlemane vart valde ved akklamasjon.

Etter årsmøtet vert det medlemsmøte med premieutdeling frå klubbmeistarskapet ved turneringskomiteen.

Terje Kleppe
Sekretær

Godkjenning av årsmøtereferat / 2011

Valgjerd Svartveit

Svein Knutsen